

# Vandring til ettertanke



Pilegrimsvandring  
i  
prestegardsmoen,  
Voss



## Start: Olavskrossen, Vonheim



**Lukas, kap. 9:** *Så sa han til dei alle: «Vil nokon følgja etter meg, må han seia nei til seg sjølv og dag for dag ta krossen sin opp og følgja meg. For den som vil berga livet sitt, skal mista det. Men den som mistar livet sitt for mi skuld, skal berga det. Kva gagnar det eit menneske om det vinn heile verda, men mistar seg sjølv og går til grunne?»*

**Krossen** er ikkje noko byrde. Krossen er eit livsens symbol. Ved Jesu død på krossen, og hans oppstode frå grava, gjorde han død til liv for oss. Når me berer krossen vår berer me dette: trua på Jesu død til liv for oss. Livet vårt med Gud tek til i dåpens vatn. Der blir me Guds barn, det blir me læresveinar. Frå dåpen av er me kalla til å følgje Jesus i vårt liv.

Gjennom dette livet vil Gud gå med. I glede og sorg, i med- og motgong. Me er ikkje skjerma frå mørker og vondskap på vår vandring gjennom livet. Difor er krossen for mange òg ei kjelde til trøyst. Gud har lidd han òg. Jesus har kjend glede, som me, men Jesus var òg einsam, redd og opplevde sorg. Slik er vårt liv og vår sorg kjend for Gud.

Og i dette livet, i med og motgong, er krossen òg eit symbol på kraft. At frå Jesu liv, frå Bibelen – som fortel oss om Jesu liv, gjerning og kjærleik for oss – kan me få kraft til å følgje Jesus, kraft til å leve som Guds born, og kraft, styrke og trøyst i det som møter oss i dette livet.

Pilegrimsvandringar kan vere krevjande, både psykisk og fysisk. I dette heftet er det lagt opp til nokon postar som bruker kjennemerker me alt har rundt oss i det daglege, her i Prestegardsmoen. Dei blir kjelder til refleksjon og møter med kva Gud ønskjer for oss. Kanskje blir det utfordrande, men Gud vil gå med oss. Spørsmåla til ettertanke har ikkje noko anna rett svar enn kva du kan gje. Og dei er meint å kaste lys over det me kanskje ikkje tenkjer på kvar dag.



## Post 1: Bergslitraet



**Johannes, kap. 14:** *Lat ikkje hjartet dykkar uroast! Tru på Gud og tru på meg! I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera klar ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. Og dit eg går, veit de vegen.»*

*Tomas seier til han: «Herre, vi veit ikkje kvar du går; korleis kan vi då vita vegen?» Jesus seier: «Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg.*

**I Det gamle testamentet**, og på Jesu samtid, var Herrens hus nær synonymt med tempelet i Jerusalem. I det inste, i det mest heilage, der var Herren nær. Dit inn fekk ingen gå, utom nokon av prestane ved særskilde festar i den jødiske kalender.

Ved Jesu liv på jorda, kjem Herren Gud oss nær på eit anna vis. Gud har gått mellom oss, og satt fotavtrykk på bakken, nett som oss. Jesus har vist oss kven Gud er, Jesus lærte oss at Herren, Gud, kunne vere synonymt med ord som mor og far, og ved Jesu død og oppstode har vegen til himmelen blitt opna for oss.

Då Jesus steig opp til himmelen og sende Den heilage ande, som me får i dåpen, då vart og Gud nær på ein annan måte. Gud er ikkje berre nær oss ein stad – Gud er nær oss alle stader, til alle tider. Me ikkje treng bygge hus til Gud på jorda, for Gud har sin heim i våre hjarte, i himmelen over våre liv og i si kyrkje, og har gjort klart rom for oss og vårt liv i sitt hus.

Spørsmål til ettertanke:

- Gud har gjort klar eit rom for oss, har me rom for Gud hjå oss?
- Kva berer me uro for i våre liv som me kan legge frå oss hjå Jesus?
- Er det eit rom, eller eit bygg, eller ein stad som har vore viktig for deg i ditt liv, eller der du kjenner Gud er nær?



## Post 2: Pumpehuset (på sida ved Vangsvatnet)



**Johannes, kap. 2:** *Siste dagen i høgtida, den store festdagen, stod Jesus fram og ropa: «Den som tørstar, skal koma til meg og drikka. Den som trur på meg, frå hans indre skal det, som Skrifta seier, renna elvar med levande vatn.»*

**Har** du nokon gong kjend at det boblar over? Har du kjend eit brus gå gjennom merg og bein?

Det er kanskje mest når sinne eller iritasjon tek oss, at me kjenner det bobler over. Og mest i glede me kan kjenne eit brus. Men kjenner me levande vatn renna ut frå vårt indre?

Jesus ønskjer at me skal vere til styrke for kvarandre, og gje kvarandre krefter til tru og liv. Det er ikkje alltid så lett for oss å vite når andre kan trenge hjelp frå oss, eller korleis me kan hjelpe. Men i det Jesus seier ligg òg dette: den kraft som me skal styrke kvarandre med, den kjem frå Gud. Det er ikkje berre avhengig av vår eiga kraft, vår eigen styrke, men av Gud. Gud vil vere kjelde til liv og styrke òg for oss, og gje oss kraft til å hjelpe kvarandre. Den kjem som elvar av levande vatn frå vårt indre, frå Anden. Frå dåpens vatn renn det ei kjelde av liv, kraft og styrke gjennom oss, som kan hjelpe oss å sjå når andre lid, og å gje den trøytt kraft, og den svoltne mat, og å styrke kvarandre i liv og tru.

Johannes kap. 4: *Jesus svara: «Den som drikk av dette vatnet, blir tørst att. Men den som drikk av det vatnet eg vil gje, skal aldri meir tørsta. For det vatnet eg vil gje, blir til ei kjelde i han med vatn som bryt fram og gjev evig liv.»*

Spørsmål til ettertanke:

- Når treng du levande vatn?
- Korleis kan me gje kvarandre kraft i liv og tru?
- Kva er dåpsvatnet for deg?



### Post 3: Vangsvatnet, ved campingen.



**Lukas, kap. 8:** *Ein dag steig han ut i ein båt saman med læresveinane. «Lat oss fara over til andre sida av sjøen», sa han. Så la dei utpå, og medan dei var ute på sjøen, sovna han. Då kom det ein kvervelstorm kastande over sjøen, båten heldt på å gå full av vatn, og dei var i stor fare. Dei gjekk bort til han og vekte han og sa: «Meister, meister, vi går under!» Jesus reiste seg opp og truga vinden og bølgiene så dei la seg, og det vart blikande stilt. Han sa til dei: «Kvar er trua dykkar?»*

*Men dei var fulle av otte og undring og sa seg imellom: «Kven er han? Han byr både vind og sjø, og dei lyder han!»*

Livet kan bli samanlikna med ei reise på sjøen. Når me har sett sommerbåten gå på NRK, så ser me at skip kan kome ut for forskjellig slag vær. Nokon dagar kan mest mangle framdrift, då kan det vere godt å ha motor, eller ei kraft som hjelper oss fram. Det kan vere familie, vener, nokon å snakke med, eller det kan vere Jesus.

Jesus kan me alltid kome til, òg når det stormar. Alt treng ikkje bli bra på magisk vis då, men Jesus vil gå med oss gjennom det. Det kan storme i vårt forhold til Gud òg, av og til, men har me tru vil me alltid ha ein hamn å kome fram til, ein heim å nå.

Men har me òg rom for Gud i dei gode dagane? Kjem me til Jesus og takkar for det som òg er godt og fint? Eller tek me det for gjeve og brukar trua til å halde oss fast til livet berre når det stormar?

Guds himmel er over alle livets dagar, og Jesus vil vere den kraft for oss som gjev vind i segl, styrke i det vanskelege, og hjelpe oss fram over livsens hav.

Spørsmål til ettertanke:

- Søkjer me Jesu hjelp når det stormar i våre liv?
- Kva kan me halde fast i når det stormar?
- Treng me Gud når «alt» er godt?



## Post 4: Prestegardsaleen



### Markus, kap. 1:

*Ei røyst ropar i øydemarka:*

*Rydd Herrens veg,*

*gjer stigane hans rette!*

*Slik stod døyparen Johannes fram i øydemarka. Han forkynte ein omvendingsdåp som gav tilgjeving for syndene.*

**Visste** du at kristendomen først vart kalla «Vegen»?

Dei første kristne vart kalla «dei som hørde Vegen til» (Apg 9,2).

Me er omgjevne av vegvisarar i livet. Mest av alt det me kallar reklame. Det som påstår å vite kva me treng, kva som gjer livet godt, og kvar som gjer oss vellukka. Somme tider har dei rett, av og til treng ein noko av det dei reklamerar for. Men det er sjeldan dei kan vise oss kva som gjer livet godt.

For kva gjer livet godt? Kva gjer oss vellukka? Mykje av det som blir sett opp som merkesteinar for eit godt liv, blir mest som snublesteinar, som heller minner oss om at me ikkje strekk til, at me ikkje får til alt. Kanskje skal me skru ned reklamen litt, så me kan høyre eit anna rop?


Johannes var send for å rydde veg, for å kalle til omvending. Det er ikkje alltid at me kan sjå Herrens veg så rett og fin som Prestegardsalleen. Men Herrens veg er rett føre oss, kvart steg, om me følgjer Jesus. Av og til kan det vere me må vende om, av og til har me følgd feil merkestein, mista kartet, eller ikkje oppdaga at kompasset ikkje viser rett veg. Me kan alltid få vende om, Jesus står alltid klar for å vise oss veg, så me kan følgje han.

Spørsmål til ettertanke:

- Kva betyr det for deg å følgje Jesus?
- Om du går deg vill? Kva hjelper deg heim?
- Kan Bibelen og trua vere kart og kompass gjennom livet?



## Post 5: ved porten/døra til Vangskyrkja:



### Å kome heim

«Her er Guds hus og himmlenens port». Slik byrjar salme 552 i salmeboka. Den byggjer på Jakob sin draum i øydemarka. Og Jakob sine ord i 1. Mosebok kap. 28: «Dette må vera Guds hus, her er porten til himmelen.» Men der Jakob reiste ein stein ved Betel, der denne staden skulle vere, der tek salmen Guds hus og himmelens port vekk frå ein bestemd stad og tid. Salmen knyter stigen Jakob draumer om til ord og

sakrament i gudstenesta, som lyfter oss opp til Gud. Slik blir kyrkja, gudstenesta og fellesskapen mellom dei truande Guds hus og himmelens port. Kyrkjebygga våre kallast gjerne gudshus, for her samlast me for å høyre om, syngje om, be til og møte Gud. Men kyrkja er først og fremst dei menneska som er samla til bøn og tilbeding, ikkje bygget.

Når me kjem til kyrkja er det ikkje for å hente det me har fortent, eller fordi me er gode nok at me kan kome. Alle Guds born har sin heim i kyrkja. Kyrkja er eit fellesskap der me får ta imot, der me kan kome nett slik me er, slik denne dagen var. Med det me berer på, av godt og vondt, kan me få kome til Gud. Og så berer me med oss Guds nærvær ut att etter gudstenesta, og opnar himmelens port for kvarandre, så me kan vise kvarandre eit glimt av Guds kjærleik, eit glimt av ein himmel over livet, ein veg heim til det rom som er gjort klart for oss i Herrens hus.

Spørsmål til ettertanke:

- Kvar kjenner du deg heime?
- Kva legg du frå deg ved dørterskelen inn i kyrkja, og kva berer du med deg inn?
- Kva tenkjer du om livet etter døden?